

Spørsmål til fylkesutvalet, 06.april 2022

Frist for å sende inn spørsmål: Mandag 04.april, kl 0900

Oversikt mottekne spørsmål

Nr.	Avsender interpellasjon	Tema
1.	Marthe Hammer (SV)	Om bekymringsmeldingar i tannhelsetenesta
2.	Nina Bognøy (Ap)	Om Lindås tannklinikk
3.	Anne Gine Hestetun (Ap)	Om tannhelsetenesta
4.	Trude Brosvik (Krf)	Om norsk-tilskotet til 16-18 åringar
5.	Silja Ekeland Bjørkly (H)	Om Røde Kors sin sommarskule
6.	Silja Ekeland Bjørkly (H)	Om oppfølgingstenesta

1. Marthe Hammer (SV); om bekymringsmeldingar i tannhelsetenesta

Viser til sak i Bergen Tidende 17.mars 2022: <https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/mrwA1q/mor-siktetfor-mishandling-tenaaringsgutten-har-ikke-vaert-hos-lege-el>

I saken står følgjande: «Noen måneder etter fødselen var gutten på helsekontroll. Siden den gang har han ikke vært hos lege eller tannlege og gikk heller ikke på skole, ifølge politiet.». Fylkestannlegen svarer i oppslaget at dette er en sak der foreldre har takket nei til offentlig tannhelsetilbod, men at rutinen som da skulle sikre dokumentasjon på at barnet i stedet ble gitt privat tannhelsetilbod ikkje vart fulgt opp, og at ein måtte sjå på rutinane sine på nytt.»

Viser også til spørsmål sendt inn til fylkestinget i 12.- 13.juni 2018 av Aud Karin Oen (SV), gjenteke i boksen under.

Spørsmål:

- Korleis er det mogleg at ein gut ikkje har vore kalla inn til tannhelsetenesta, eller ikkje blitt følgt opp ved manglande oppmøte, når ein ikkje har dokumentasjon på at barnet får anna tannhelsetilbod?
- Spørsmålet til Aud Karin Oen i fylkestinget juni 2018 gjeld temaet bekymringsmeldingar frå tannhelsetenesta: «Éin av tre tannlegar varsla ikkje barnevernet ved mistanke om omsorgssvikt. Tannhelsepersonell på Vestlandet og Midt-Norge sender færrast bekymringsmeldingar til barnevernet.». I svaret vert det gjort greie for ei rekke tiltak som ein kunne sette i verk for å bli betre. Kva tiltak er gjennomført etter spørsmålet i fylkestinget i 2018?
- Ein veit altså at tannhelsepersonell i Vestland sender færrast bekymringsmeldingar til barnevernet, og i Revisjonsrapporten frå Deloitte, handsama i fylkestinget i juni 2021 (Sak 29/2021) står det på side 51, kap 4.3.3., at talet på bekymringsmeldingar har gått ned jamt og trutt frå 2015 til 2020. Kva er årsaka til dette og kva kan ein gjere for å sikre at dei bekymringsmeldingane som bør sendast til barnevernet faktisk vert identifisert og sendt?

Spørsmål i fylkestinget 12.-13.juni 2018 av Aud Karin Oen (SV):

Ein av tre tannlegar varsla ikkje barnevernet ved mistanke om omsorgssvikt.

Tannhelsepersonell på Vestlandet og Midt-Norge sender færrest bekymringsmeldingar til barnevernet. Det viser ein ny studie. Forskar Ingfrid Vaksdal Brattabø har spurt 1200 tannlegar og tannpleiarar i Norge om meldeplikta dei har til barnevernet. Dei er nemleg pliktige å kontakte barnevernet dersom dei mistenker at barnet blir utsett for overgrep eller alvorleg omsorgssvikt. Av dei 1200 svara 33 prosent at dei ikkje melde frå til barnevernet, trass mistanke om alvorleg omsorgssvikt. 60 prosent svara at dei hadde varsla barnevernet ein eller fleire gonger. Tannlegar har ein posisjon som kan avdekkje overgrep og omsorgssvikt hos barn, fordi dei har moglegheit til å undersøkje barnet på måtar som ikkje andre vaksenpersonar gjer. Det er viktig at ein vågar å sjå og stå opp for dei mest sårbare av oss, nemleg utsette barn. Ifølgje Brattabø er det tannlegar og tannpleiarar på Vestlandet og i Midt-Norge som sender færrest varsel.

Det er urovekkjande og eg spør fylkesordføraren:

- Kor mange meldingar har Hordaland samanlikna med andre fylke?
- Er det skilnad som ein kan sjå mellom einskilde tannhelsestrukturer?
- Kva fokus og opplæring er det på dette området?
- Om dette taler er lågt/lågare enn det ein ser i andre fylke, kva tiltak kan ein setje i verk?

Saksprotokoll i fylkestinget - 12. og 13.06.2018

Fylkesordførar svarte slik:

Kor mange meldingar har Hordaland samanlikna med andre fylke?

Tannhelsestenesta i Hordaland sendte i 2017 totalt 73 bekymringsmeldingar til barnevernet. Av desse var 52 grunna gjentakande «ikkje møtt», og 21 var grunna mistanke om ulike former for omsorgssvikt. Tannhelsestenesta i Hordaland er den største offentlege tannhelsestenesta i landet. Sett i høve til innbyggjartal i fylket og tal tilsette i tannhelsestenesta er dette noko lågare tal på bekymringsmeldingar samanlikna med mange andre fylker.

Er det skilnad som ein kan sjå mellom einskilde tannhelsestrukturer?

Oversikten viser skilnad i meldingsfrekvens mellom tannhelsestrukturer og ikkje minst mellom tannklinikkar. Nokre tannklinikkar sender sjeldan eller tilnærma aldri bekymringsmelding. Dette indikerer at meldeplikta ikkje alltid blir oppfylt. Resultata frå doktorgradsarbeidet gir grunnlag for at fylkestannlegen må iverksetta tiltak både for tannhelsestenesta samla, på distriktsnivå og på klinikknivå.

Kva fokus og opplæring er det på dette området?

Tannhelsestenesta i Hordaland, tannhelsestenesta i Rogaland og tannhelsestenesta i Sogn og Fjordane har utforma felles rutinar og malar for sending av bekymringsmelding. Rutinar og malar er utarbeidd i samarbeid med Statens barnehus Bergen, Statens barnehus Stavanger og Ressurscenter for vold og traumatisk stress (RVTS vest). Det er inngått samarbeidsavtalar mellom tannhelsestenesta og barnevernstenesta i alle kommunar i Hordaland. Samarbeidsavtalen er inngått mellom den lokale tannklinikken og tilhøyrande barnevernskontor. I samsvar med samarbeidsavtalen skal det vera minst årlege samarbeidsmøter mellom barnevernstenesta og tannhelsestenesta, og møtet skal fortrinnsvis haldast på tannklinikken slik at alle tilsette får høve til å delta og møta dei tilsette i barnevernstenesta.

Tannhelsestenesta i Hordaland har ein person tilsett i deltidsstilling som såkalla «ressursperson barnevern». Tilsette kan ta kontakt med vedkomande med spørsmål om meldeplikta og rutinar, samt på anonymt grunnlag drøfta si bekymring i enkeltsaker. Målsettinga med å ha ein «ressursperson – barnevern» er å senka terskelen for å senda bekymringsmelding. Alle ny-tilsette i tannhelsestenesta får ei førelæring om omsorgssvikt, meldeplikt og rutinar som ein del av tannhelsestenesta sitt introduksjonskurs.

Om dette talet er lågt/lågare enn det ein ser i andre fylke, kva tiltak kan ein setje i verk?

Utvøving av meldeplikt til barnevernet er kompleks, og det kan vera vanskeleg å avgjera når melding skal sendast. Fylkestannlegen i Hordaland er med utgangspunkt i resultata frå doktorgradsarbeidet i ferd med å iverksetta tiltak. Tiltaka vil til dømes vera:

- I samarbeid med UiB styrke opplæringa innan samarbeid med barnevernet i grunnutdanninga for tannlegestudentar
- Gi generell opplæring til alle tilsette i tannhelsestenesta, og ei meir målretta opplæring på enkelte tannklinikkar
- Sikra at alle tannklinikkar gjennomfører samarbeidsmøter med barnevernet i tråd med føringane.

Det er viktig å påpeika at målet ikkje nødvendigvis er å senda flest moglege bekymringsmeldingar. Målet er at tannhelsepersonell blir så trygg som mogleg når det gjeld å avdekkja ulike former for omsorgssvikt og senda bekymringsmelding slik at dei utøver meldeplikta i tråd med lova si intensjon og til beste for borna.

Svar frå fylkesdirektøren

Nei takk til tannhelsestenesta sitt tilbod

Føresette kan velje å takke nei til tilbodet frå tannhelsestenesta, men i dei tilfella skal tannhelsestenesta følgje den [nasjonale faglege retningslinja for tannhelsestenester for born og unge 0-20 år](#) (TannBarn):

- Tannklinikken skal ta kontakt med føresette og be om skriftleg stadfesting på at barnet har tilbod i privat tannhelsesteneste, der det også går fram namn og kontaktinformasjon på behandlaren barnet går til og skriftleg samtykke til å kontakte behandlaren. Dette er viktig for at tannhelsestenesta skal kunne dokumentere at tilbodet er gitt og forstått.
- Stadfestingsbrev og skriftleg samtykke skal leggjast inn som vedlegg i journalen.
- Dersom føresette ikkje vil oppgi namn på behandlaren eller ikkje vil gje samtykke så skal tannhelsepersonellet vurdere om barnet kan vere utsett for vald eller omsorgssvikt og om det er [grunn til å melde til barnevernet](#).

Den nasjonale retningslinja TannBarn blei først publisert av Helsedirektoratet 30. september 2018. Vestland si rutine [Nei takk til tannhelsestenesta sitt tilbod - rutine for registrering i pasientjournal](#) vart publisert i eHandboka 15. oktober 2021 og det blei sendt ut informasjon til alle tilsette i tenesta om rutinen i teams same dato.

Dei gjeldande rutinane har ikkje blitt fylgt i denne saka og det er sterkt beklageleg. Tidspunktet då føresette takka nei til tilbodet for sin son ligg lenger tilbake i tid og saka tyder på at rutinane som fanst den gongen ikkje var gode nok eller ikkje var godt nok kjent. Tannhelsestenesta vil også sjå nærmare på dei rutinane som vi har no for å sikre at dei er gode nok og godt nok kjent.

Internkontroll

Tannhelsestenesta har som ein del av sitt årshjul at tannklinikkanne skal ha internkontroll av pasientlistene to gongar årleg ([Vask av pasientlister i Opus](#)). Der står det mellom anna at klinikken skal sjekke at alle pasientane

tannhelsetenesta skal gi eit regelmessig og oppsøkande tilbod til, står på fast innkalling. Dei som har takka nei til tilbodet inngår ikkje i denne lista. Det har ikkje vore gode nok rutinar for sjekk og gjennomgang av dokumentasjonen til pasientane som har takka nei til tilbodet. Som fylkestannlegen nemner i saka, så må tannhelse sjå nærmare på denne rutinen slik at det kjem tydelegare fram.

Konklusjon

Der det kan skje menneskelege feil frå tilsette på tannklinikken, med at rutine ikkje har blitt følgt når føresette har takka nei til tilbodet, så skal dette fangast opp ved seinare internkontroll. I denne saka har det diverre vore sviakt i begge ledd slik at denne guten ikkje vart fanga opp. Tannhelsetenesta vil revidere sine rutinar og utarbeide ein plan for implementering av desse for å sikra at dei blir kjent og fylgt i tenesta.

Tiltak for å sikre at tilsette i tannhelsetenesta kan førebygge, avdekke og avverge vald, overgrep og omsorgssviakt

Som eit ledd i samanslåinga av fylka så har alle samarbeidsavtalar og rutinar frå dei to tidlegare fylka blitt revidert.

Tannhelsetenesta har ei eiga ressursgruppe for barnevern med fire tilsette med særskild kompetanse om feltet. Ressursgruppa har saman med faggruppa i staben til fylkestannlegen hatt hovudansvaret for revisjon av samarbeidsavtalen med barnevernstenesta. Bergen kommune, Gulen kommune, Masfjorden kommune og Statsforvaltaren var med som ekstern støtte og samarbeidspart i revisjonsarbeidet. Samarbeidsavtalen med barnevern var under revisjon våren 2021 og vart godkjent og tatt i bruk i oktober 2021.

Ressursgruppa barnevern og faggruppa i staben til fylkestannlegen har også utarbeida rutinar knytt til ikkje møtt, bekymringsmelding til barnevernet, nei takk til tannhelsetenesta sitt tilbod osv. etter samanslåinga.

Punkt 11 i oppfølginga av forvaltningsrevisjon innan tannhelse 2021 tar for seg tiltak for å sikre at tilsette i tannhelsetenesta kan førebygge, avdekke og avverge vald, overgrep og omsorgssviakt, mellom anna ved å sørge for at:

- a. det ligg føre tilstrekkelege system, rettleiarar og rutinar til hjelp i arbeidet
- b. tilsette har tilstrekkeleg kompetanse
- c. tilsette har tilgang på ressurspersonar som kan kontaktast for råd og rettleiing
- d. tilsette er kjent med at helsepersonell har ei sjølvstendig meldeplikt til barnevernet og kva meldeplikta inneberer

Tannhelsetenesta sendte inn statusrapport for dette sist i februar og skal gje ny statusrapport til hausten. Dei aller fleste tiltaka er fullførte eller pågåande og tannhelsetenesta skal også evaluere tiltaka. Sjå tabell under.

Prioritering	Tiltak	Tiltak forventa fullført	Ansvarleg	Status
1	Revisjon av - Samarbeidsavtale - Interne rutinar	1. okt. 2021.	Stab (JHG og SEV) og leiargruppa.	Fullført.
2	Ressursgruppe barnevern	Ressursgruppe barnevern for Vestland THT etablert av leiargruppa 1.5.2021.	Gruppa blir fylgt opp av JHG og SEV i stab.	Fullført.
3	Forskningsprosjekt/Kompetansehevande tiltak - <i>Kunnskapsreisen- alt det jeg er</i>	Satt i gang pilotar juni 2021. Forventa fullført i løpet av 2022.	TkVestland (IB) og leiargruppa.	Pågår.
4	Informasjon på områdeleiarsamling 9.9.2021 om tema barnevern og om revisjonsarbeid og iverksetting av samarbeidsavtale	9.9.2021.	TkVestland (IB) og stab (JHG og SEV).	Fullført.

5	Fagdag haust 2021	24.11.2021.	TkVestland og stab (JHG og SEV).	Fullført.
6	Evaluering forskingsprosjekt Kunnskapsreisen og evt. vidareføring	2022/2023.	TkVestland (IB) og leiargruppa.	Ikkje sett i gang.
7	Vurdere tiltak basert på statistikk i årsrapport a) Antal uttale til barnevern b) Antal varsel c) Antal bekymringsmeldingar	Årleg ved årsrapportering.	Leiargruppa og stab (JHG og SEV).	Pågår.

Status i tannhelsetenesta

Dei som driv prosjektet «Kunnskapsreisen» er ute på tannklinikkane og held kurs og opplæring om tematikken. Både dei, ressursgruppe barnevern, stab og leiargruppe i tannhelsetenesta opplever at dei tilsette viser stort engasjement og alvor knytt til tematikken vald, overgrep og vanskjøtsel, utøvinga av meldeplikt og traumesensitiv behandling.

Ressursgruppa og faggruppa i stab jobbar med å gjere nødvendig kunnskap og informasjon lett tilgjengeleg på alle plattformane tannhelse brukar. Ressursgruppa har mellom anna ein eigen kanal i teamsgruppa for alle tilsette i tannhelsetenesta der me har samla relevant informasjon og kontinuerleg vil komme med jamlege drypp av informasjon om tematikken for å halde søkelyset og engasjementet for tema oppe.

Tannhelse skal også lage ein plan for implementering av nye rutinar, samarbeidsavtalar og nettsider for å sikre at dei er kjent hos dei tilsette og at tematikken får eit vidare løft.

Evaluering av innhald i samarbeidsavtalar mellom tannhelsetenesta og kommunane i Vestland, implementere «Alt det eg er» (Kunnskapsreisen) i tannhelsetenesta og arrangere årleg temadag for tilsette i tannhelsetenesta for å sikre kompetanse i høve førebygging, avdekke og avverge vald, overgrep og omsorgssvikt mot barn er også tre eigne punkt i Handlingsprogram folkehelse 2022-2025 som er politisk vedtatt.

Bekymringsmeldingar frå tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune

Det stemmer ikkje at Vestland sender færrest bekymringsmeldingar til barnevernet. Under er tabell for bekymringsmeldingar sendt til barnevernet tilbake til 2015 til og med 2021.

	Bekymringsmeldingar sendt til barnevernet (antall)						
	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
3000 Viken fylkeskommune	99	111
0300 Oslo kommune	98	114	108	130	93	92	92
3400 Innlandet fylkeskommune	44	41
3800 Vestfold og Telemark fylkeskommune	65	30
4200 Agder fylkeskommune	17	27
1100 Rogaland fylkeskommune	36	53	52	58	42	34	16
4600 Vestland fylkeskommune	47	46
1500 Møre og Romsdal fylkeskommune	13	17	24	15	17	16	21
5000 Trøndelag Tröndelage fylkeskommune	.	.	.	39	57	55	56
1800 Nordland fylkeskommune	42	48	52	46	49	32	28
5400 Troms og Finnmark Romsa ja Finnmark fylkeskommune	33	42
1200 Hordaland fylkeskommune (-2019)	88	78	73	82	55	.	.
1400 Sogn og Fjordane fylkeskommune (-2019)	11	11	14	6	5	.	.

<https://www.ssb.no/statbank/table/12074/tableViewLayout1/>

Det stemmer at talet bekymringsmeldingar har gått ned jamt og trutt frå 2015 til 2021. Tidlegare rutine i tannhelsetenesta var at det ved tre manglande oppmøte til timar hos tannhelsetenesta konsekvent vart sendt bekymringsmelding til barnevernet. Ettersom retningslinja TannBarn vart gjeldande frå 2018, så er rutinane endra i tråd med tilrådingane i retningslinja.

Det blir no lagt større vekt på å tilrettelegge for gode pasientbesøk og ha effektive [ikkje møtt rutine tannhelse](#). Det er spesifisert i den nasjonale retningslinja at manglande oppmøte ikkje er grunn nok åleine til å melde bekymring. Tannhelsetenesta har difor gått bort i frå å konsekvent sende bekymringsmelding til barnevernet etter tre manglande oppmøte til avtalar. Tannhelsetenesta legg no heller større vekt på å bygge relasjon med pasienten og føresette og gjere individuelle vurderingar på om det bør sendast bekymringsmeldingar. På bakgrunn av dei rutinane som no er førande i Vestland så vil tannklinikken alltid prøve å få kontakt først via telefon for å nå pasienten før det blir sendt ikkje-møtt brev.

Nedgangen i antal bekymringsmeldingar gjeld for heile landet og er tydeleg i åra etter retningslinja TannBarn vart gjeldande. Vi veit ikkje sikkert kva som er årsakene til reduksjonen i antal bekymringmeldingar frå tannhelsetenesta i åra 2018-2021, men det er nærliggande å tru at forklaringa over kan vere ei viktig medverkande faktor.

Som fylkesordføraren i Hordaland svara ut i juni 2018, så er ikkje målet å senda flest mogleg bekymringsmeldingar, men at tilsette i tannhelsetenesta kan førebygge og avdekke vald, overgrep og omsorgssvikt og at dei følger meldeplikta ved bekymring. Dette er noko tannhelsetenesta har eigen tiltaksplan for og har stort søkelys på.

2. Nina Bognøy (Ap); om Lindås tannklinikk

Lindås tannklinikk, Lindås senter

Fylkespolitikarar har fått ei henvending frå Lindås pensjonistlag vedrørende tannlegesituasjonen på tannklinikken, der dei uttrykker bekymring over bemanning og rekruttering.

Kan fylkesordførar gje ein status på Lindås tannklinikk?

Svar frå fylkesordføraren

Status Lindås tannklinikk

- Klinikken har 2,0 tannlege-stillingar og 0,6 tannpleiar-stillingar
- Tal prioriterte pasientar pr. 31.12.21:

Gr A	Gr B	Gr C1	Gr C2	Gr D	Gr E1	Totalt
1529	18	91	102	188	2	1944

- Grunnbemanninga er god i høve til tal prioriterte pasientar, og klinikken skal dermed normalt sett ha kapasitet til å imot vaksne, betalande pasientar.
- Klinikken har diverre hatt delvis vakanse den siste tida (haust 2021) og det har vore utfordrande å rekruttere til først ledig vikariat og deretter ledig fast stilling. Ved tilsetting av nyutdanna personell er det også behov for tettare oppfølging frå klinikkleiar og fordel med eit større fagmiljø. På bakgrunn av dette er det tilsett vikar stasjonert ved Nordhordaland tannklinikk.
- Nordhordaland tannklinikk støttar og avlastar Lindås tannklinikk både med å hente inn etterslep på behandling og for at nytilsette i vikariat skal få tilstrekkeleg fagleg miljø. Tilsette ved Nordhordaland jobbar overtid og gir eit tilbod på ettermiddagstid også for å hente inn etterslep.
- Nordhordaland tannklinikk ligg 26 minuttar (27 km) frå Lindås tannklinikk. Akseptabel reiseavstand til tannklinikk er vurdert til å vere 1 time reiseveg kvar veg. Tannhelsetenesta har difor vurdert det som ei akseptabel løysing for denne avgrensa perioden det gjeld for.
- Vi forstår at det er ei ulempe for pasientane å måtte reise til Nordhordaland tannklinikk, men på denne måten får vi gitt eit godt behandlingstilbod i påvente på at ny tannlege skal byrje og tannlege i permisjon kjem tilbake.

- Frå hausten er begge tannlegestillingane bemanna med fast tilsett personell igjen.

3. Anne Gine Hestetun (Ap); om tannhelsetenesta

Tannhelsetenesta er ei svært viktig teneste for innbyggjarane våre.

1. Korleis blir tannlegevakta i Bergen drifta, samanlikna med tilbodet i andre byar/fylke?
2. Korleis er det akutte tannlegevakttilbodet (utanom vanleg kontortid) i Bergen drifta, samanlikna med tilbodet i andre delar av fylket?
3. Kva er status for tannlegekontoret i Rosendal?

Svar frå fylkesdirektøren

1. *Korleis blir tannlegevakta i Bergen drifta, samanlikna med tilbodet i andre byar/fylke?*

Status

Tannlegevakta er opent:

- kvardagar kl. 18.00-20.30
- helg/heilagdag/høgtidsdag kl.15.30-20.30

Samanlikna med andre fylke

Tre fylker har ingen organisert vaktordning og seks fylker har opent 2 timar helg/heilagdag og høgtidsdag.

Nokon av fylka arbeidar for å avvikle ordninga totalt.

Oslo har opent 2 timar på kvardagar, helg/heilagdag/høgtidsdag og tar berre i mot lovpålagte prioriterte grupper. Oslo kommune planlegg å redusere tenesta når dei flyttar til nye lokale om ikkje alt for lenge.

Med andre ord har Bergen eit meir utvida tannlegevakttilbod enn dei andre fylkeskommunane som det er naturleg at vi kan samanlikne oss med.

Tannlegevakt er ikkje ei lovpålagt oppgåve for offentleg tannhelseteneste. Tannlegevakta i Bergen blir drifta med overtidsbetaling. Statistikken viser at vakta har auka driftskostnader og redusert antal konsultasjonar dei siste åra.

Oppsummering av historikk

Tannlegevakta i Bergen blei oppretta på 1970 talet på den tida tannhelsetenesta var inn under kommunen, og det var få private tannlegar i og rundt Bergen. Drift av tannlegevakta har ikkje vore evaluert sidan oppstart på 70-talet og opningstidene har vore dei same dei siste 50 åra. Tannlegevakta tar i mot både vaksne og dei prioriterte pasientar frå den offentlege tannhelsetenesta.

Tilgangen til private tannlegar i Bergen har endra seg dei siste 25 åra. Det er no rikeleg kapasitet hos private tannlegar i og rundt Bergen og private klinikkar har lange opningstider, t.d. frå kl. 07.00 -21.00.

2. *Korleis er det akutte tannlegevakttilbodet (utanom vanleg kontortid) i Bergen drifta, samanlikna med tilbodet i andre delar av fylket?*

Det er berre Bergen som har hatt eit så omfattande organisert tannlegevakttilbod. Dette tilbodet har betjent Bergen og tilgrensande områder, som allereie har eit stort og tilgjengeleg privat tilbod. I distrikta utanfor Bergen har det ikkje vore eit tilsvarande tilbod. I Bergensområdet er det private tilbydarar av akutt-tenester i tillegg til at Haukeland har døgnavakt som tar i mot alvorlege skadar.

3. *Kva er status for tannlegekontoret i Rosendal?»*

Rosendal tannklinikk er open 2 dagar i veka. Den er drifta ein dag med tannlege og tannhelsesekretær og den andre dagen med tannpleiar. Dette er vurdert til å vere tilstrekkeleg ut i frå pasientgrunnlaget til tannklinikken. Vi er gjennom media blitt kjent med at det er planar for bygget der tannklinikken ligg, men er ikkje blitt kontakta av kommunen om planane. Den offentlege tannhelsetenesta har kapasitet på Husnes tannklinikk til å ta i mot pasientar som høyrer til Rosendal om kommunen vel å sei opp avtalen med den offentlege tannhelsetenesta.

4. Trude Brosvik (Krf); om norsk-tilskot for 16-18 åringar

Endring av norsk-tilskot for 16-18-åringar.

Etter kva eg får opplyst er tilskotet til opplæring i norsk og samfunnsfag overført frå kommunane til fylkeskommunane for 16-18-åringar. Dette er ei overgangsordning, der kommunen framleis har ansvar, medan pengane blir overført til fylket.

Spørsmålet mitt er korleis fylket nyttar dei overførte midlane, og korleis vi sikrar at dei når fram til dei i aldersgruppa 16-18 år som har rett på språk- og samfunnsfag-opplæring.

Jfr. Lenkje:

<https://www.imdi.no/kvalifisering/regelverk/juridisk-veileder-til-integreringsloven/kapittel-6-opplaring-i-norsk-og-samfunnskunnskap/>

Paragraf 30 og særlig merknad til Paragraf 30 (lovens forarbeid).

Svar frå fylkesdirektøren

Lov om integrering vart gjeldande frå 01.01.20 og omfattar målgruppa vaksne innvandrarakar over 18 år. Paragraf 26 slår fast at innvandrarakar mellom 18 og 67 år som har fått innvilga opphaldsløyve i tråd med § 27, har rett og plikt til å delta i opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

I forarbeida til lova (Prop. 89 L 2019-2020), er fylkeskommunen sitt ansvar knytt til § 30 konkretisert. Det følgjer av tredje ledd første punktum at tilbod om opplæring i norsk og samfunnskunnskap skal gjevast så snart som mogleg, og innan tre månader, etter folkeregistrering i kommunen eller at krav om deltaking blir sett fram. Det følgjer av tredje ledd andre punktum at fylkeskommunen sitt ansvar først trer i kraft ved oppstart i vidaregåande opplæring. I praksis vil mange starte opplæringa i kommunen før fylkeskommunen overtar ansvaret.

Fylkeskommunen skal sørge for opplæring i norsk og samfunnskunnskap til vaksne innvandrarakar som går i vidaregåande opplæring etter opplæringslova, så framt denne opplæringa er på full tid (minimum 30 timar i veka). Opplæringa i fylkeskommunen kan gis etter læreplanar i faga norsk og samfunnskunnskap etter opplæringslova, men dersom den ordinære undervisninga ikkje medfører at deltakaren kan oppnå minimumsnivået i norsk etter § 31, må fylkeskommunen sørge for ekstra opplæring. Utover dette er det opp til fylkeskommunen å organisere opplæringa.

Fylkeskommunen skal tildelast tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne over 18 år som får opplæringa som ein del av introduksjonsprogrammet. Dette er midlar som i følgje merknader i forarbeid til lova bør nyttast til å legge til rette opplæringa i form av ekstra språk- og læringsstøtte. Når opplæringa startar i kommunen og held fram i fylkeskommunen skal tilskotet delast etter reglane som går fram av regelverk for tilskot. Det same gjeld dersom deltakaren sluttar i vidaregåande opplæring og returnerer til kommunen før vedkomande har nådd norsk målet eller maksimal opplæringstid.

Fylkeskommunane samarbeider seg i mellom og er i tett dialog med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) for å få på plass eit forsvarleg system for registrering av denne gruppa. Eit felles verktøy er heilt naudsynt for å få til ei effektiv registrering. Planen er at kommunane skal kunne registrere kven som går i vidaregåande opplæring som del av introduksjonsprogrammet og at fylkeskommunen skal kunne rapportere på gjennomføring. Eit slikt registreringsverktøy er under arbeid, men det er ikkje kjent når det er på plass. Så langt har fylkeskommunen ikkje motteke tilskot til opplæring i norsk og samfunnsfag.

Rettane til målgruppa 16-18 år er regulert gjennom opplæringslova, og fylkeskommunen får i dag ikkje ekstraordinære tilskot retta mot denne målgruppa.

5. Silja Ekeland Bjørkly (H); om Røde Kors sin sommarskule

Sommerskole

Røde Kors sin sommerskole fikk i et møte med fylkeskommunen beskjed om at Vestland fylkeskommune ikke lenger vil bidra til sommerskolen som Røde Kors arrangerer.

Tiltaket gjennomføres av frivillige, men med bidrag både økonomisk og praktisk fra fylkeskommunen.

I normalår kan Røde Kors ta imot ca 120 elever ved sommerskolen. Målet er at flest mulig skal nå sine studiemål og bidrar til at flere får fagbrev eller komplett vitnemål.

Røde Kors oppfatter at begrunnelsen for at fylkeskommunen ikke lenger vil bidra er at dette er en oppgave som skal ivaretas av den enkelte skole.

- På hvilken måte blir denne tjenesten som sommerskolen har bidratt med ivaretatt av skolene i Vestland, og hvilket tilbud gis til de enkelte elevene?
- Hvem har myndighet til å fatte beslutninger om at støtte til et slikt tiltak skal opphøre?

Svar frå fylkesdirektøren

Innleiing

Fylkeskommunen har i samarbeid med Røde Kors gjennomført sommarskolen over fleire år. Fylkeskommunen har hatt det overordna faglege ansvaret, inkludert gjennomføring av lokalt gitt eksamen. Sommarskolen har vore gjennomført i ein periode på to veker rett etter skuleslutt i juni. Nedanfor viser oversikt over tal deltakarar og bestått eksamen i matematikk gjennom åra med sommarskule.

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	Totalt
Deltakarar	20	25	48	80	95	94	123	99	131	160	158	162	122	68*	78**	1463
Eksamen matte Y-fag	5	10	22	28	37	39	66	43	60	52	48	60	51	37	22	570
Bestått	5	8	18	25	28	23	33	30	31	23	28	29	21	18	5	325
	100%	80%	80%	90%	75%	60%	50%	70%	52%	44%	58%	48%	41%	49%	23%	57%

* Avgrensa tilbod i 2020 grunna smittevernreglar

**Lovendring frå 2021 – fagfornyninga gjer at elevar som gjekk ut frå vg1 i år, ikkje lenger kan få tilbod om lokalgitt eksamen

I samband med innføring av fagfornyninga er eksamensforma i matematikk for yrkesfag endra frå lokalt gitt til sentralt gitt eksamen. Dette gjer at ein ikkje lenger kan arrangere lokalt gitt eksamen slik at elevane kan få bestått i faget som ein del av sommarskolen. Dette gjeld også lærlingar som manglar bestått i matematikk. Elevar og lærlingar må no vente til privatistperioden om hausten eller våren før dei kan ta eksamen.

I tillegg til matematikkopplæring med påfølgande eksamen, har elevar også delteke i kurs i matematikk utan å ta eksamen. Sommarskolen har også hatt norsktrening for elevar med kort butid i Norge.

1. På hvilken måte blir denne tjenesten som sommerskolen har bidratt med ivaretatt av skolene i Vestland, og hvilket tilbud gis til de enkelte elevene?

Det er ønskeleg å tilby eit godt og likeverdig tilbod til elevar og lærlingar i heile fylket. Sommarskolen vil derfor gå over i ei ny form. Dei vidaregåande skulane vil bli oppmoda om å utvikla seg endå meir som opne skular og

bidra til eit levande lokalsamfunn. I dette ligg lokale tiltak som feriekurs, leksehjelp og anna aktivitet der samarbeid med Røde Kors og andre frivillige organisasjonar er aktuelt.

Fylkesdirektøren oppmodar dei vidaregåande skulane i fylket om å arrangere feriekurs før skulestart både for nye elevar og for elevar som allereie går ved skulen. Det er vidaregåande skular i Vestland som i dag gjennomfører slike tilbod med god erfaring. I tillegg til fagleg styrking, kan overgangen til ein ny skule eller eit nytt skuleår bli lettare for elevar som får tid til å bli kjent med skulen og medelevar før skulestart. Det er skulen som sjølv må avgjere kva kurs som er mest aktuelle å tilby, men norsk for elevar med kort butid og matematikk vil vere sentrale fag for fleire skular. Andre fag og aktivitetar kan også vera aktuelt.

Nye moglegheiter ved etablering av Nettskulen

I Fylkestinget 16.03.2022, [PS 17/2022 Etablering av Nettskulen i Vestland fylkeskommune](#), står det mellom anna om potensialet innanfor nettbasert opplæring i Vestland fylkeskommune. Døme på aktuell nettbasert opplæring er mellom anna:

- Fellesfag- og teoriopplæring for lærlingar og praksiskandidatar
- Opplæring i manglande fag for ikkje kvalifiserte elevar (manglar fag).
- Støtteundervisning for elevar med kort butid og framandspråklege elevar.
- Nettbasert leksehjelp

Lærlingar som ikkje har bestått fag, som til dømes matematikk, bur på ulike stadar i fylket. Nettskulen kan etablere tilbod som møter lærlingane i Vestland sine behov for fagkurs og eksamenstrening. Nettskulen kan også bidra til leksehjelp, og tilbod om støtteundervisning i norsk for elevar som treng styrka norskopplæring. Det ligg eit stort potensiale i dette tiltaket, og utviklinga vil bli følgt tett.

Satsing på førebyggjande tiltak for å auke gjennomføringa

Det er ønskjeleg å gjennomføre ei dreining mot å arbeide meir førebyggjande ved å styrke tilbod gjennom skuleåret. Jamn fagleg progresjon, med støtte undervegs, vil kunne bidra til at fleire elevar består i fag og gjennomfører skuleåret. Det skal setjast i gong ei kartlegging av korleis dei vidaregåande skulane arbeider med ulike førebyggjande tiltak, som t.d. leksehjelp. Denne kartlegginga vil vera eit viktig grunnlag for vidare arbeid.

Leksehjelp i samarbeid med Røde Kors Bergen vil bli vidareført. Det er avtalt eit nytt møte med Røde Kors Bergen der det skal avklarast vidare arbeid med leksehjelp og korleis ein kan styrke samarbeidet med dei vidaregåande skulane. Det er allereie starta dialog med Røde Kors Bergen om korleis ein kan leggja best mogleg til rette for nye elevar frå Ukraina.

2. Hvem har myndighet til å fatte beslutninger om at støtte til et slikt tiltak skal opphøre?

Fylkeskommunen samarbeider med ulike frivillige organisasjonar og særskilt Røde Kors Bergen. Fylkesdirektøren bygger si vurdering på dei politiske styringssignala, jamfør verbalpunkt 6 i fylkestinget desember 2021 og i RS 8/22 i hovudutval for opplæring og kompetanse februar 2022:

Styringssignal:

Fylkestinget vedtok i desember 2021 verbalpunkt 6.:

«For å møte krava i ny opplæringslov og for å nå måla i fullføringsreforma vert fylkesdirektøren bedt om å legge fram ei sak som viser korleis ein kan skape naudsynt handlingsrom i sektoren, og utarbeide ei liste over tiltak som kan avsluttast slik at det er rom for nye satsingar/tiltak i tråd med reforma. Dette må sjåast i samanheng med arbeidet med handlingsprogram for temaplanen fornye og forbetre – auka gjennomføring.»

I RS 08/2022 følgde avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse dette opp med å beskrive korleis Vestland fylkeskommune kan implementera fullføringsreforma. Eitt av tiltaka er å dreia midlar og tiltak til førebyggjande arbeid og tidleg innsats:

«For Vestland fylkeskommune vil det i vidare arbeid vere trong for å vurdere bruken av dei fylkeskommunale midlane opp mot dei mål som er sett i reforma. Ei slik vurdering vil bety omprioriteringar for å skape handlingsrom for å møte reforma. Avdelingsdirektøren meiner at ein i større grad rettar ressursane mot tidleg innsats framfor å «reparere» under vegs i opplæringsløpet.»

Avdelingsdirektøren for opplæring og kompetanse legg fram RS- 22/22 "Sommarskule og leksehjelp" til møte i hovudutval for opplæring og kompetanse 7. april 2022.

6. Silja Ekeland Bjørkly (H); om oppfølgingstenesta

Oppfølgingstjenesten

Ansatte ved oppfølgingstjenesten i VLFK ar fått beskjed om at studiesenteret ved Årstad vidaregåande skole skal avvikles neste skoleår.

Dette er et senter for elever som ikke har et ordinært tilbud om skoleplass, enten fordi de har takket nei eller har falt fra.

Målet er å kvalifisere disse elevene, og sikre at færre faller fra. Dette har man gjort med stor suksess.

Begrunnelsen er at det ikke er plass til denne tjenesten ved skolen. Det blir opplyst at det per nå er det ca. 40 elever som får oppfølging ved senteret.

Er det riktig at dette tilbudet i sin helhet skal legges ned, eller skal tilbudet flyttes til en annen skole?

Svar frå fylkesdirektøren

Studiesenteret ved Årstad vidaregåande skule

Årstad vidaregåande skule har over fleire år hatt tilbod til elevane der det har vore mogeleg å få støtte og hjelp i eit eller fleire fellesfag på studiesenteret. Tilbod av fellesfag og organisering av undervisninga, har vore varierende frå år til år.

Siste året har skulen sine elevar ikkje nytta studiesenteret då erfaringa har vist at elevane får god tilpassa opplæring i sine ordinære klassar. Dette også for å unngå at elevane blir teken ut av opplæringa i andre fag, for å få undervisning i fag etter studiesenteret sin timeplan. Skulen har nytta studiesenteret til kartlegging av elevar og til elevar som treng særskilt språkopplæring.

Studiesenteret har i det siste vore nytta til opplæring i enkelte fellesfag for ungdom utanfor opplæring. Frå hausten 2022 vil ikkje dette tilbodet bli vidareført.

Oppfølgingstenesta

Oppdraget til oppfølgingstenesta er å hjelpe ungdom til aktivitet, arbeid eller opplæring.

Forskrift til opplæringslova § 13-1. Formål

«Formålet med oppfølgingstenesta er å sørge for at all ungdom som høyrer til målgruppa, jf. § 13-2, får tilbod om opplæring, arbeid, andre kompetansefremjande tiltak, eventuelt ein kombinasjon av desse. Tilboda skal primært ta sikte på å føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse innanfor vidaregåande opplæring».

Rettleiingstenestene i Vestland får tildelt midlar som dei nyttar til ulike tiltak for ungdom som er i oppfølgingstenesta. I Bergensområdet har nokon av desse midlane vore nytta til kjøp av plassar ved studiesenteret ved Årstad vidaregåande skule.

Etter skulestart får rettleiingstenesta tilgang på ledige skuleplassar ved dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune. Dette er plassar som ungdom i oppfølgingstenesta kan nytta.

Rettleiingstenesta Indre vestland har hausten 2021 hatt tilbod om opplæring i matematikk og naturfag for elevar som ikkje har bestått vg1. Opplæringa er gjeven i form av eit digitalt læringsssenter. Læringsssenteret har tilbode nettundervisning til elevgruppa med mål om at elevane skal kunne gå opp til eksamen. Formål og modell for tiltaket er tenkt vidareført i nettskulen som eit tiltak for auka gjennomføring.

Rettleiingstenestene i Vestland arbeidar kontinuerleg med å finna dei beste tiltaka for at den enkelte ungdom skal komme vidare i opplæring, arbeid eller andre kompetansefremjande tiltak.